



7. januar 2022

Til 9. klasse ved Solund ungdomsskule

Lektor2-opdrag for Solund kommune våren 2022

Samferdsla i Solund er i endring med at det kjem ny bru over Ytre Steinsund og at ny ekspressbåtstogg på Hardbakke kan vere aktuelt. Dei lokale båtrutene og bussruter kan bli endra. Kommunen sin 10-årsplan, [samfunnsdelen i kommuneplanen](#), seier at aukande mobilitet i samfunnet gjer at Solund må arbeide strategisk for å sikre båtruter, fiber- og mobilnett og ikkje miste fleksibilitet i høve kvar du bur og kvar du jobbar. Dette vil krevje mykje ressursar og merksemd frå kommunen.

Solund kommune har sett av areal til ekspressbåtkai på Hardbakke. Denne er tenkt plassert i Djupevika. Sjå <https://kommunekart.com/?urlid=b378ba11-6354-46bf-8559-a9584538a9ea>. Det er Vestland fylkeskommune som avgjer om det skal byggjast ny eskpressbåtkai. Fylkesutvalet i Vestland støtta den 29. oktober 2020 forslaget om endra stopp for båtruta Bergen-Selje-Bergen i Solund. Å endre anløpskai frå Krakhella til Hardbakke vil ha stor verdi for Solund kommune og for dei fleste reisande til og frå kommunen. Enkelte område vil få eit redusert tilbod, men gjeld små reisestraumar.

Solund kommune arbeider med ein deltaljert reguleringsplan av kommunesenteret. Planen skal legge til rette for auka aktivitet i Solund kommune. Planarbeidet er i gang og skal mellom anna sikre framtidig hamn for ekspressbåt, reiselivsnæring, betre gangsamband, betre tilkomst til dagens hamn, betre kapasitet i gjestehamn og servicebygg, samt bustadfortetting. Kommunen vil arbeide for at planen legg til rette for god kvalitet i tettstadsutviklinga.

Kommunen ønsker hjelp til eit forprosjekt som skal innehalde:

1. Kartlegging av reisande til og frå Solund (Krakhella + Nåra) som bruker ekspressbåt, og bruke det i planlegging av tilkomst, parkering o.l. ved ny kai

- Kor mange reiser? Kva framkomstmiddel vil folk bruke?
- Kor mange parkeringsplassar trengs det? Sykkelparkering?

2. Kommuneplanen. Det er sett av eit stort areal til næring (reiseliv og turisme) på Teigeneset rett ved Djupevika. Det er også sett av stort friområde.

- Vi ønsker også at de kjem med forslag til annan type aktivitet i området Djupevika-Teigeneset med fokus på å auke reiseliv/næringsinntekt i Solund.
- Kva andre typar areal og funksjonar bør det liggja på og ved den nye kaien?

3. Ringverknader. Kva for samfunnsmessige konsekvensar vil ny type aktivitet /bygningar/infrastruktur i området gje for lokalsamfunnet? (Nye tenester? Noko vi mistar? Fordelar og ulemper når du skal få gjort ting.)



Solund kommune

4. Modell. Med utgangspunkt i kommuneplanen av området skal de lage modellar av planane for området i målestokk som høver.

Det er ønskeleg å få ein skriftleg rapport som grunnlag for munnleg framlegging der også modellen for området blir presentert.

Spørsmål kan rettast til Sektor for samfunns- og næringsutvikling ved Trond Sæbø Skarpeteig
Trond.Saebo.Skarpeteig@solund.kommune.no.

Venleg helsing

> **Trond Sæbø Skarpeteig**

Leiar samfunns- og næringsutvikling

Adresse: Solund kommune, 6924 Hardbakke

Telefon: 90058182

Heimeside: www.solund.kommune.no